



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Den 5. april 2014

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

nve@nve.no

Bredvatn kraftverk i Bremanger – høyringsfråsegn

Av praktiske grunnar måtte vi be om litt utsett høyringsfrist i denne saka. Det spørsmålet har det ikkje komme svar på. Vi sender med dette vår fråsegn, og vonar ho kan bli med i grunnlaget for vurderingane.

Utbyggingsområdet – ei eineståande naturhistorie

Bredvatn kraftverk er planlagt i det eigenarta devonområdet som ligg vest for Hyefjorden og strekkjer seg til havet mellom Ålfoten og Myklebustdalen i nord, og Straumsbotnen-Nordalsfjorden i sør. Dette er det største devonarealet i Noreg – Hornelsbassenget. Lenger sør ligg Kvamshestenbassenget og endå lenger sør Solundbassenget. Andre stader i landet finst det berre små fragment av devonsk berggrunn, i Trøndelag og ved Røros.

Ålfoten-avsetningane har, særleg under og nord for breane i fjella, den karakteristisk trappeforma, skapt av lagvise avsetningar frå 359 til vel 400 millionar år sidan. Dei sedimenterte massane kom frå nedbrytinga av den kaledonske fjellkjeda, som i denne perioden vart broten ned. Den rytmiske forma meiner geologane vart til ved at underliggande lag, etter avleiringar på 150-250 meters tjukke av konglomerat og sandstein, glei vestover i

rykk på 250 meter. I den bakre kanten seig massane litt ned for kvart framrykk, slik at hellinga austover enda på rundt 25 grader. Når geologane summerer tjukna på alle laga som framleis finst i Hornelenbassendet, kjem dei til utrullege 25 kilometer frå botn til topp. Dei kjenner ikkje nokon anna stad i verda der dei sedimenterte massane har glidd så langt og fått slik rytmisk oppbygging.

I tillegg til den geologiske eigenarten er Ålfotenområdet det einaste av devonfelta som har ein myriade av store og små vatn og elvar som delvis følgjer trappetrinna sidelengs og delvis følgjer dalar etter seinare erosjon. Det er også det einaste devonfeltet som stikk så høgt at det ligg brear på toppane. Dette heng òg saman med dei store nedbørsmengdene.

Den devonske berggrunnen er hard, med den konsekvensen at jorddekket er for det meste tynt, eller det manglar. Jorda er gjennomgåande næringsfattig. Under slike vilkår kan vi ikkje vente ein artsrik og høgproduktiv flora og fauna. Men dette er ein eigenart som markerer eit ytterpunkt i den økologiske variasjonen i vårt land, og dermed ein kvalitet som har krav på omsyn i forvaltninga.

Tidlegare inngrep og vern

Ålfoten landskapsvernområde dekkjer breane og høgfjellet. Med unnatak for dei bratte fjellsidene ned til Hyefjorden, er det svært lite som ligg lågare enn 700-800 meter over havet. Grensene for det verna området går i skarpe krokar rundt regulerte vatn og andre inngrep. Svært store areal og mykje av det rennande vatnet er utnytta til kraftverk, frå store høgder og ned til sjøen. Storparten av denne eineståande naturen er sterkt utnytta frå før. Kva som er konsekvensane av dette, veit ingen. I fagrapporten om naturmiljø er det vist til verdifulle mosar som er kjende frå 1920-talet (fossegrimmose, prakttvebladmose og praktdraugmose), men som no er nesten borte. Kva som elles måtte finnast av sjeldne artar, er langt på veg ukjent. Til å vite det er området for lite inventert.

Økosystemtilnærming og samla påkjenning

Etter § 10 i naturmangfaldlova (nml.) skal forvaltninga, jamfør § 7, vurdere ein påverknad av eit økosystem ut frå den samla påkjenninga som systemet er eller vil bli utsett for. § 4 i den same lova set som mål å ta vare på mangfaldet av naturtypar innanfor deira naturlege utbreiingsområde, og med sine funksjonar, strukturar og produktivitet.

Vi meiner desse reglane er relevante i denne saka.

Sjølv om dei artane som lever i devonfeltet sør for Ålfoten, er å finne andre stader, kan det ikkje vere tvil om at vi her har å gjere med eit eigenarta område med spesielle naturtypar, etter definisjonen i naturmangfaldlova, § 3, bokstav j. Det aller meste som ikkje er verna, er påverka av tidlegare kraftutbygging, og landskapsvernområdet dekkjer ikkje variasjonen nedover mot dei lågareliggande delane med elvar og vatn. Å tillate endå fleire inngrep, vil etter vår oppfatning komme i strid med forvaltningsmålet etter § 4. Vi meiner det er til støtte for dette standpunktet at vi har ikkje noko anna område i landet med tilsvarande natur. Alle som er litt kjende i vestlandske fjell, vil sjå at den devonske berggrunnen har naturtypar som skil seg frå resten.

I denne samanhengen er poenget at den samla påkjenninga alt er så stor at nye inngrep vil stå i vegen for å realisere forvaltningsmålet. Den samla påkjenninga vert for stor. Lovregelen er meint å hindre at mengda av mindre inngrep, som kvar for seg kanskje ikkje er alvorlege, skal bli så stor at økosystemet kjem i fare. Økosystem er definert i nml. § 3, bokstav t. Utbygginga er planlagt i eit slikt velavgrensa og einsarta natursystem som § 3 handlar om.

Ut frå tidlegare praksis vil vi tru at dersom alle utbyggingane i dette devonfeltet hadde komme som ein plan, ville svaret på konsesjonsspørsmålet enda med ei innsnevring av planen. Det er lovfesta grunn i nml. § 10 til å vurdere ei ny utbygging på same måten, som eit tillegg til inngrep frå før. I dette tilfellet er det ein konkret og særleg grunn til ei slik vurdering at det som er gjort tidlegare, er ei hardhendt utnytting av vatnet.

Kunnskapsgrunnlaget

Konsekvensutgreiinga om naturmiljøet følgjer ein metodikk frå 2006 (rapporten side 19), altså før Stortinget vedtok naturmangfaldlova i 2009. For å få stor verdi etter denne manualen, må eit område eller ein lokalitet ha stort artsmangfald. Til ein viss grad kan dette ha eit rimeleg grunnlag, all den tid vår natur har mindre av artsrike areal enn av artsfattige. Følgd skjematisk fører likevel ein slik praksis på avvegar, utanfor lova. For å ta vare på variasjonen av naturtypar og økosystem (etter definisjonane i nml) er det naudsynt å sikre at også artsfattige samfunn får leve vidare som dei er. Eit økosystem eller ein naturtype som er artsfattig kan i denne samanhengen vere like viktig å ta vare på som dei artsrike utgåvene, dersom dei artsfattige er sjeldne. Dei er ein del av den naturlege variasjonen (jfr. Inge Lorange Backer, 2010: Naturmangfoldloven, kommentarutgave, side 73).

Dei sidene ved saka som vi her har lagt vekt på, og som vi meiner lova krev at forvaltinga vurderer, har ikkje fått plass i konsekvensvurderinga. Omtalen er altfor avgrensa til einskildartar, og med ein undertone som går altfor konsekvent ut på at lite krevjande artar er av mindre verdi enn andre.

Dersom NVE vurderer å gje konsesjon til Bredvatn kraftverk, må NVE etter vår oppfatning krevje tilleggsutgreiingar som grunnlag for eit kunnskapsbasert standpunkt til spørsmålet om den samla påkjenninga på den typen økosystem og dei naturtypane som er spesielle for dette eineståande devonområdet. Utan meir kunnskap enn det konsekvensvurderinga inneheld, meiner vi at saka er ikkje godt nok opplyst til å gjere vedtak om inngrep. Om NVE likevel, ut frå føre var-prinsippet, veit nok til å avslå søknaden, treng ikkje vi meine noko om.

Landskapet

Det går fram av fagrapporten at utbygginga er planlagd i eit landskap som er unikt i Noreg og som har stor verdi. Konsekvensane av begge hovudalternativa (inntak i det øvre eller det nedre av dei to vatna) er store og negative. Dette talar sterkt mot utbygginga, som vil komme i eit nasjonalt viktig område for friluftsliv. Difor burde det ikkje vere turvande å meine noko om det eine alternativet samanlikna med det andre. Vi vil likevel gje til kjenne at inntak i Nedre Bredvatn etter vår oppfatning er mindre skadeleg enn inntak i Øvre. Forfattaren av fagrapporten om landskap er av ei anna meining; han har lagt mest vekt på at installasjonane i Øvre vert mindre synlege enn i Nedre. Vi meiner to ting talar for at skadane vert mindre ved inntak i Nedre. Det eine er at inntak i Nedre inneber ei mindre utviding av det utnyttta landskapet. Det andre er omsynet til ei buffersone rundt verna areal. Regulering av Øvre Bredvatn kjem kloss i grensa for landskapsvernområdet og reduserer det reelle vernet.

Konklusjon

1. Det aktuelle utbyggingsområdet er eineståande i landet, og det er frå før sterkt medteke av vasskraftutbygging. Berre breane og dei høgste fjella er med i landskapsvernområdet. Det er svært lite igjen av frie elvar og uforstyrre vatn i dei lågareliggande delane.
2. Utnytting av Øvre og eller Nedre Bredvatn vil etter vår oppfatning vere i strid med forvaltningsmålet i nml. § 4 for det som er igjen uforstyrre av den eigenarta naturtypen. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går difor i mot å gje konsesjon i dette tilfellet.

3. Dersom NVE vil vurdere å gje konsesjon, må direktoratet be om tilleggsopplysningar som gjev grunnlag for å vurdere dei samla påkjenningane av økosystemet etter nml. § 10. Dei konsekvensvurderingane som ligg føre, gjev ikkje eit forsvarleg grunnlag for ei slik vurderinga av området, både det som er utnytta før og det som er urørt.

Med helsing

Naturvernforbundet i Song og Fjordane

v/ Thorleif Jakobsen

Leiar

- Sign -